



Ronny Johnsen
Kubbaleitet 2 A
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/382 - 19/10959

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.04.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg Isdalstøbakken - Gbnr 137/45 Alver

Tiltak: Etablering av mur langs kommunal veg i Isdalstøbakken
Byggjestad: GBNR 137/45
Tiltakshavar: Ronny Johnsen
Ansvarleg søkjar: Ronny Johnsen og Linda Maria Aslesen

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere mur langs kommunal veg i Isdalstøbakken.

Saksutgeiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å etablere støykjerm og mur langs offentleg veg i Kubbaleitet og Isdalstøbakken. Deler av tiltak ligg innanfor regulert område og vil denne delen vil handsamast av byggesak etter plan og bygningslova. Delen av tiltak som ligg utanfor regulert området vert handsama her etter fastsettingar i veglova med tilhøyrande regelverk.

Vurdering/drøfting:

Mur skal etablerast utanfor reguleringsplan for Kubbaleitet. Mur vert derfor handsama etter fastsettingar i Veglova med tilhøyrande regelverk. Teknisk drift har vurdert plassering av mur og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg mot Isdalstøbakken (o_V2). Mur som ønskjes satt opp er plassert utanfor siktzone til eigen avkjørsle og vil difor ikkje være til hinder for sikt langs kommunevegen.



Samandrag/konklusjon:



Lindås kommune gjev løyve til oppsetjing av mur langs kommunal veg i Isdalstøbakken (o_V2).

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk gjev Lindås kommune løyve til setje opp mur langs kommunal veg i Isdalstøbakken (o_V2) på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom yttarkant mur og midt kommunal veg skal være 7,2 meter. Minste avstand mellom yttarkant mur og nabogrense mot veg skal være minimum 0,2 meter.
- Det skal ligge føre dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett. Eventuelle vilkår i som er satt i dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett skal være stetta.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot veg, er at det i byggesaka vert gitt løyve til etablering av mur etter plan og bygningslova.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på mur, som følgje av dens plassering i forhold til kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp). Dersom det under normalt vedlikehald av kommunalteknisk anlegg oppstår skader på mur, må eigar av mur sørge for og påkoste utbetring av disse.

Vi gjer merksam på at dette vedtaket berre gjeld plassering av tiltak i forhold til kommunal veg. For å få etablert mur må det ligge føre løyve etter plan og bygningslova.

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrechtslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Ronny Johnsen

Kubbaleitet 2 A 5916

ISDALSTØ